



Skinnarbu 16.05.2017

Statens Vegvesen Region vest
v/Sindre Egeland
Postboks 43
6861 Leikanger

Innspel til Statens vegvesen ved planlegging av nye tunnelar langs E134 over Haukelifjell

Viser til møte på Haukelisetser den 2. mai 2017, mellom Statens Vegvesen (SVV) og villreinformaltinga ved villreinnemndene for Setesdalsheiane og Hardangervidda villreinområde, Setesdal-Ryfylke Villreinlag, samt Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder og Norsk Villreinsenter Sør. Norsk Villreinsenter tar med dette brevet ei rolle med å samle nokre innspel frå villreinformaltinga til denne saka i etterkant av møtet.

I møtet blei det presentert framdrift og planar for utbetringa av E134 over Haukelifjell med nye tunnelloysingar og vegprofil i dagen. Statens vegvesen forventar ein kraftig auke i biltrafikken over Haukelifjell i tida framover og særleg som følgje av standardheving på veggen. Fagmiljøa på villrein presenterte relevant kunnskap om villrein generelt og for områda tilgrensande veggen spesielt.

Villreinnemndene for hhv Setesdalsområdet og Hardangerviddaområdet, samt Setesdal-Ryfylke Villreinlag leverte høyringsuttale til planprogrammet for dette arbeidet i januar 2017. Her påpeikast både det internasjonale ansvaret Noreg har for å ta vare på villrein og villreinens leveområde, samt dei regionale planane som dekkjer kvart av desse områda og regulerer kvar ein treng å ta ekstra omsyn til reinen. I dei regionale planane går det fram at planområdet for veggen ligg i nasjonalt villreinområde og omsynssone villrein.

I planane til SVV er det lagt opp til tre tunnelar over fjellet; Noverande Haukelitunnel vil ha nytt påslag og portal som kjem ut ca. 700 meter lengre aust enn dagens tunnel. Det er planlagt ein heilt ny tunnel frå rett vest for Fentedokki ved fylkesgrensa til området mellom Haukelisetser og brøytestasjonen. I aust er det tenkt ein ny tunnel rett sør for dagens Vågslitunnel, med ca. same lengde. Det blei opplyst frå representanten frå Vinje at det er planlagt 1000-1500 nye hyttetomter i Vågsliområdet, i hovudsak sør- og vest for dagens utbyggingsområde. Med den kunnskapen ein har i dag; om at dei tidlegare trekka i dette området no er gått ut av bruk, tilseier planane i Vinje med tilhøyrande aktivitet at reinens trekkmoglegheiter i dei austlege delane av fjellovergangen blir stadig mindre og at dei sentrale og vestlegaste trekkområda vil få auka tyding.

Vegvesenet kunne også opplyse om at Stavanger Turistforening (STF) hadde spelt inn ynskje om betre parkeringsmoglegheiter, konkretisert til 4 ulike stader, vest for den nye planlagde Haukelisetertunnelen. Frå «villreininteressenes» ståstad vil eit slikt tiltak som aukar moglegheitene for parkering og truleg aukar ferdselen vera sterkt forringande på den einaste delen av fjellovergangen der det framleis er aktuelt for reinen å trekke. Her ser ein framleis at det til ein viss grad skjer framstøyt opp mot vegen og enkelte bukkeflokkar kryssar ei og anna gong.

I etterkant av møtet drøfta representantane for villreininteressene kor viktig det ville vera å oppretthalde korridorane for trekk på vestsida av Haukelisetertunnelen. Både med tanke på at dette er det området med minst menneskeleg aktivitet, per i dag flest kryssingar over vegen (over Dyrskard og Haukelitunnelen og vidare vestover) og gamle fangstminne i form av dyregraver i vestenden av Ståvatn, som indikerer at dette har vore viktige trekkområde også i tidlegare tider.

Auka trafikktalet framover som skissert av SVV, aukande ferdsel og behov for tilgang frå nye brukargrupper (t.d. kiting, sykling m.m.) som skissert etter innspel frå STF, tilseier at kryssing over vegbane i dagen, i framtida vil bli meir eller mindre umogleg for villrein.

Basert på dette ynskjer me at SVV ser på moglegheitene for å tilrettelegge betre for villreintrekk over vegen ved å legge ein større del av vegstrekninga i tunnel, i fyrste rekke ved å slå saman Haukelitunnelen og den nye Haukelisetertunnelen. Me bed også om at anna utforming og avgjersler som kan ha tyding for villreinens moglegheiter for trekk over vegen, blir drøfta med villreinforvaltninga på eit tidleg stadium i planlegginga.

Beste helsing

Lena Romtveit
Norsk Villreinsenter Sør
Sekretariat

Brevet sendast berre elektronisk og har difor ingen signatur.

Elektronisk kopi til:

- Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet, ved Endre Lægroid (leiar) og Martine Hamnes (sekretær)
- Villreinnemnda for Setesdalsområdet, ved Margit Smeland (leiar), Tommy Vatslid (nestleiar) og Jarle Lunde (sekretær)
- Hardangervidda Villreinutval, ved Svein Erik Lund (sekretær)
- Setesdal-Ryfylke Villreinlag, ved Svein Olav Stegarud
- Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder, ved Tor Punsvik
- Fylkesmannen i Buskerud, ved Even Knutsen
- Fylkesmannen i Telemark, ved Hans Bakke
- Fylkesmannen i Hordaland, ved Øistein Aasland
- Miljødirektoratet, Erik Lund og Kari Bjørneraas